



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:
Vår: 14/1823 - 17/2425

Saksbehandlar:

Gjertrud Karevoll
gjertrud.karevoll@vaksdal.kommune.no

Dato:

27.03.2017

Søknad om tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg Saksnummer 2014/13889

Vaksdal kommune søker om fullføring av tiltak på Fv 343 i Vaksdal og Fv 314 Kvamstotunnelen på Dale (Bergsdalsvegen). Begge punkta har gjennom fleire år samla bekymringsmeldingar, og er skuleveg for små og større barn, i tillegg til å vere mykje brukt for gåande generelt.

Kommunen søker om tilskot kr. 650.000,- til fullføring av tiltak Fv 343 i Vaksdal og til oppgradering av Fv314 Kvamstotunnelen for gåande/syklande, kr. 420.000,-. Summane er inkl. mva, men utan byggherrekostnader. **Totalsum kr. 1.070.000,-**

Fv 343 Vaksdal (Duesvingen), fullføring av ts-tiltak intensivbelysning samt fjerning av siktindringar og tilrettelegging for gåande/syklande	650.000,-
Fv 314 Dale (Kvamstotunnelen), oppgradering for gåande/syklande	420.000,-
Sum 2017	1.070.000,-

Prisane er inkl. mva, men utan byggherrekostnader.

Fv343 Vaksdal

Fylkesveg 343, ved kryss E16 og kommunal veg til Tveitane heiter Duesvingen, og det er denne søknaden gjeld. Utfordringa er at mange fotgjengarar, inkludert skuleelevar må krysse vegen i eit kompleks trafikkmiljø. Kommunen har fått fleire bekymringsmeldingar, og det er obsvert fleire nesten-ulykker. Eit av hovedproblema er at bilistar parkerer i eller nær krysset, og skapar både fysiske hindringar og sikhindringar.

Post

post@vaksdal.kommune.no
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

Kontakt

www.vaksdal.kommune.no
Telefon +47 56 59 44 00
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto
Org.nr. 961 821 967



Figur 1 Fv 343 i Vaksdal, Duesvingen



Den 7. mars 2017 var kommunen på synfaring i lag med Statens vegvesen, og me identifiserte følgjande problem:

1. Parkerte bilar i og ved krysset, hindrar sikt og framkomst
2. Parkerte bilar i vegutvidinga ved enden av lederekkverk. Denne var tenkt til møteplass, men vert nytta til parkering, som også vanskeleggjer tilkomst innanfor ledegjerde.
3. Parkering på område mellom fylkesvegen og gangveg.
4. Utfordrande trafikkbilete med potensial for mange samtidige/sammenfallande hendingar.

I lag sette me opp ei tiltaksliste for å løyse dette, og den har i etterkant fått anslag:

Tiltak	Ansvar for å sjekke opp og gje til bakemelding	Bilete/merknad	Pris
Gjennomgang av skisse for intensivbelysning og behov for antal lyspunkt. Kvalitetssikre om antal lyspunkt er rett	Svv	Prosjektert skisse med 6 lyspunkt må nyttast.	73.000 ¹ ,-
Fotgjengarskilt med lys vil synleggjere gangfeltet betre, samt forvarsling	Svv		70.000,-
Breiare oppmera felt for	Svv		20.000,-

¹ Denne prisen er Differansen mellom anslått pris for tiltaket, kr. 400.000,- og det som er att av tilskot i 2016, kr. 327.000,-

Utbetra/vøla eksisterande midtrabatt	Svv		100.000,-
Utvida gangbane innanfor ledegjerde. Mur og fast dekke. Forlenga ledegjerde, ev. skilte møteplass eller parkering forbudt. Utforming slik at ingen kan parkere på gangbana.	VK		80.000,- 17.000,-
Høgare vegkant (granitt) i refuge og langs grøntareal sør for krysset. Planterekke langs veg, max 0,5 meter høgde vil hindre uønska parkering.	Svv		60.000,- 100.000,-
Sum eks mva			520.000,-
Sum inkl mva			650.000,-

Intensivbelysning;

I 2016 fekk Vaksdal kommune kr 1 mill til etablering av intensivbelysning i kryssingspunkt langs Fv 343. Dette vart utført, med unntak av gangfeltet i Duesvingen. Statens vegvesen har trengt noko tid for å avklare krav til antal lyspunkt og plassering, med tanke på nærleik til E16. Dette er no avklart. Tiltaket krev 6 lyspunkt for intensivbelysning, og tilskot frå 2016 manglar stipulert 73.000,- eks. mva i finansiering. I tillegg ynskjer både kommunen og Statens vegvesen å gjere forbetringar i dette komplekse krysset. Her er mykje tungtrafikk til frå Vaksdal mølle og Felleskjøpet, og lite anledning til å «stramme opp» krysset, då store svingradier er nødvendige. Den utarbeidde tiltakslista er omforeint, og kan gjennomførast utan planendingar.

Til fullføring av Fv 343 (Duesvingen) søker Vaksdal kommune om tilskot kr. 650.000,-

Fv 313 Kvamstotunnelen

Utfordring med omsyn til trafikksikringstiltak i Kvammstotunnelen ved Dale sentrum fylkes veg 314 (Dale-Voss). Dette er ein «spesiell» og mykje brukt tunnel som vert nytta av gåande og syklende frå

bustadområdet Skyttarplassen til Dale sentrum, der butikkar og barnehage/skule, kommunalt legesenter og andre kommunale tenestetilbod med meir ligg.

Tunnelen har ei lengd på 126 meter, og framstår med eit smalt og lågt fortau på ein sida og dårleg/svak sentrert tak belysning. Andre fakta;

- 10 stk. veglys i tak over kjørebane.
- Avstand mellom vegkantstriper (kvit stipla) om lag 3,7 m
- Fortau varierende breidd: 1,0 - 1.25 m
- Kantstein: fortaushøgde over kjørebane (kantstein + asfalt) : 8 cm. Avrunda kant mot kjørebana, ikkje avvisande kant.
- Skilta med fri høgde 3,6 m

Som gang/sykel-tunnel kan ein forventa at det vert utført tiltak som vernar om mjuke trafikkantar. Tiltak kan vera: ny og betre belysning og opparbeiding av eit betre og meir tenleg fortau og sikring med høgare (avvisande) fortauskant. Kvitmaling av tunnelveggar er også eit vanleg brukt tiltak for å betre lysforhold.



Figur 2 Fv 314 Kvamstotunnelen i Dale sentrum

I samråd med Statens vegvesen er det vurdert tiltak. Å skifte lysanlegget er svært dyrt, og i første omgang prøver me tiltak utan å skifte lysanlegg. Det er 12 meter mellom armatura, og det burde i utgangspunktet vere tilstrekkeleg med tiltak som betrar lysforholda med eksisterande anlegg. Der er utarbeidd følgjande opprustingsbudsjett;

Tiltak	Pris u. mva
Oppgradering/nytt fortau gjennom tunnel, 1800,-pr. meter	226.800,-
Kvitkalking, 840,- pr. meter	105.840,-
Sum eks mva	332.540,-
Sum inkl mva	415.800,-

Til oppgradering av Fv 314 Kvamstotunnelen søker vaksdal kommune om kr 420.000,-

Dei omsøkte summene er utan byggherrekostnader.

Med helsing

Gjertrud Karevoll
Kommuneplanleggjar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune

5020

BERGEN

Mottakarar:

Hordaland fylkeskommune

5020

BERGEN